

PER GYNT-STEMNET

Georg Arnestad

Delrapport i evalueringen av statsbudsjettets kap. 320, post 74

Februar 2005

Innhald

Bakgrunn	3
Stemnet i dag	4
Organisering og økonomi	5
Per Gynt stemnet i dag	7
Strategiar og målsetjingar framover	9
Vurderingar og tilråding	11
Litteratur	15

Evalueringa byggjer på omfattande eigenrapportering frå Per Gynt-stemnet og selskapet Per Gynt AS, årsmeldingar og årsrekneskap, inngåande stemneevalueringar, strategiplanar, litteratur om Per Gynt-stemnet og samtalar med leinga.

Bakgrunn

Per Gynt-stemnet vert arrangert på Vinstra i Gudbrandsdalen i byrjinga av august kvart år. Den berande ideen (jf. Spilling og Andersen 1990) bak tilskipinga er møtet mellom *Per* og *Peer*: På den eine sida den historiske, lokale Per Gynt som Vinstra (truleg) fostra, nemleg Peder Olsen Hauge som (kanskje) levde i tidsrommet 1732-85¹, og på den andre sida Henrik Ibsens litterære Peer Gynt, som er kjend over heile verda. I praksis inneber det vert lagt opp til program som medfører eit møte mellom lokal kultur og nasjonal kultur, og delvis internasjonal kultur, samt eit møte mellom profesjonelle aktørar og amatørar.

Det ligg lange historiske tradisjonar bak dagens utforming av Per Gynt-stemnet. Det *første* stemnet vart skipa til alt i 1928, som ei 100-års markering av Ibsens fødsel. ”Peer Gynt” og ”Hærmendene paa Helgeland” vart framført av turnerande skodespelarar frå Oslo på ei utescene på stemneplassen Kåja på Vinstra laurdag og søndag 9 og 10 juni. Framsyningane samla i alt ca. 650 tilskodarar.

Det *andre* stemnet (også kalla ”folkefesten”) vart arrangert i 1932 (16 mai, 2. pinsedag), som ei markering av bygda sin eigen ”historiske” Per. Denne festen var (nesten) reint lokal, der deltakarane var folk frå bygda. ”Vi holder oss til bygdens egne folk, til rene amatører”, heitte det. Det blei ”av mange anslått til å være et par tusen mennesker samlet”, skeiv avisa ”Lågen”.

”Dersom vi ser dei to første Per Gynt-stemna under eitt og i samanheng”, skriv Ragnar Øvrelid (2003:19) i boka si om Per Gynt-stemnet, ”må det slå oss at her har vi sjølve hovudideen klar for dei stemna som starta i 1967: Ibsens Peer og bygdas

¹ Det er ulike syn på kven den lokale (segnfiguren) Per var, og når han eventuelt levde. Kanskje er den lokale Per eit samnamn på segner og tradisjonar etter fleire ”eventyrarar” og ”skrønemakarar” som Gudbrandsdalen har hatt mange av gjennom tidene (jf. Øvrelid 2003). Ibsen hevda sjølv at ”Peer Gynt (er) en virkelig person der have levet i Gudbrandsdalen” (brev til forleggjaren sin i København 1867, då han sende manuset til Peer Gynt dit).

(eller dalens) Per, profesjonelle kunstnarar og lokale krefter, drama og musikk saman med folkeopplysning, og eit stort oppbod av frivillig innsats på alle felt”.

Det *tredje* Per Gynt-stemnet såg altså dagsens lys 35 år seinare, i 1967 (12. og 13. august), som ei 100-års markering av Henrik Ibsen sitt brev til forleggjaren sin i København med Peer Gynt-manuset. Programmet var då ei blanding av folkelege og seriøse innslag; frå artisten Ivar Medaas til universitetsforskarer Otto Hageberg. Og utan gjestespel frå hovudstaden. Bak arrangementet stod lokale reiselivs- og kulturfolk saman med kommunen, som garanterte for eit mogleg underskot. Tilskipingane samla 4.000 betalande tilskodarar.

Stemnet i dag

”Ingen av deltakarane var i tvil om at stemnet burde halde fram”, skriv Øvreid (s. 28). Og slik blei det. Sidan 1967 har Per Gynt-stemnet vorte arrangert på Vinstra kvart år, normalt i byrjinga av august. Alt i 1968 vart stemnet utvida til tre dagar. I dag er stemnet ein ti dagars lang kulturfestival med, slik arrangørane sjølve ser det, ”høg kunstnarisk og arrangementsteknisk kvalitet”.

Hovudarrangementet er teaterframsyninga (7-8 forestillingar) av Henrik Ibsens Peer Gynt på friluftsscena ved Gålåvatnet. Viktige er også (frå 1996) ein friluftskonsert med klassisk musikk på Rondane høgfjellsscene og (frå 1971) ei separatutstilling med inviterte (nasjonale) biletkunstnarar. I tillegg til dette kjem ei rekkje andre kulturelle tilskipingar, utdeling av statuettar og prisar (med Peer Gynt-statuetten som den gjævaste), seminar, symposium osv, med alt frå lokal til internasjonal deltaking. Om lag 20.000 menneske deltek på eit eller fleire av arrangementa. Budsjettet for stemnet (2004) var rundt ni millionar kroner. Ein profesjonell arrangørstab, saman med mange frivillige hjelparar, står for utforming, planlegging, gjennomføring av stemnet. Det tidagars Per Gynt-stemnet er hovudaktiviteten og den viktigaste oppgåva for det i hovudsak kommunalt eigde kultur-, nærings- og reiselivsselskapet Peer Gynt AS.

Vi skal i det vidare gi ei framstilling av ulike sider ved Per Gynt-stemnet som grunnlag for å konkludere om mogleg framhald av og former for statleg finansiering av arrangementet. Hovudvekta er lagt på organisatoriske, forvaltningsmessige og økonomisk-finansielle sider. Grunnlaget er Per Gynt-

stemnets eigenevaluering og supplerande materiale som årsmeldingar, årsrekneskap, strategiplanar, oppsummeringar o.a.

Organisering og økonomi

Fram til 1990 var tilskipinga av Per Gynt-stemnet eit stort dugnadsløft. Ein eigen arrangementskomité utnemnde av den sjølvoppnemnde Peer Gynt-nemnda stod for gjennomføringa av stemnet. Men alt frå 1977 vart kommunen (Nord-Fron) nærmare knytt til arbeidet ved direkte kommunal representasjon i stemnenemnda. Kommunen gav også same året garantiar for lån til utbygging av stemneplassen. Men økonomien var kaotisk, og medlemmene i Per Gynt-nemnda måtte personleg garantere for store låneopptak.

Etter kvart sprengde også profesjonaliseringa av og aukande ambisjonar for arrangementet desse enkle organisatoriske rammene. Siste del av 1980-åra vart såleis i stor grad prega av økonomiske og organisatoriske problem for Per Gynt-stemnet. Kommunen måtte i fleire år dekkje gjeld som stemnenemnda hadde opparbeidd. I 1989 fekk ein så eit underskot på 3-400.000 kroner knytt til den første framsyninga av Peer Gynt-spelet (som altså vart ein økonomisk fiasko, men ein kunstnarleg suksess). Deretter tok kommunen initiativet til ei omorganisering av arrangementet med tanke på betre økonomistyring; mellom anna nye vedtekter og ny organisasjonsplan og avvikling av den sjølvstyrde og omfattande stemnenemnda. Året etter, 1990, vart så eit "vere eller ikkje vere" for stemnet. Nord-Fron kommune gav då eit rente- og avgiftsfritt lån på kr 100.000 for å dekkje delar av underskotet frå 1989. Dette vart gjort under føresetnad av at "dette er det siste og endelige økonomiske bidraget frå kommunen, og at Per Gynt-stemnet for framtida greier seg uten kommunale tilskudd". Stemnet vart også pålagt å kjøpe marknadsførings- og rekneskapstenester frå eit nyoppretta kommunal sals- og messekontor.

Og 1990 markerte vendepunktet. Eit "vere" for stemnet. Peer Gynt-spelet vart ein kunstnarleg og økonomisk suksess – med fire framsyningar og 4.000 tilskodarar. Sidan den gong har denne framsyninga med si blanding av profesjonelle skodespelarar og amatørar vore den viktigaste aktiviteten i Per Gynt-stemnet. I 2004 var det sju framsyningar og rundt 12.000 tilskodarar.

I 1990 vart Vinstra turist- og messekontor oppretta som eit felleskontor for både reiseliv, messer og Per Gynt-stemnet. Selskapet gjekk konkurs etter to år, i 1992, men gjenoppstod same året som Peer Gynt Arrangement AS. Festivalsjefen for Per Gynt-stemnet (og turistsjef for Nord- og Sør-Fron kommunar) var tilsett her. I 1997 fekk Peer Gynt Arrangement AS det fulle ansvaret for gjennomføring og planlegging av Per Gynt-stemnet, i tillegg til ei rekkje andre reiselivs- og reiselivs-/kulturoppgåver i området.

Våren 2004 skifta selskapet namn til Peer Gynt AS. Peer Gynt AS er no eit arrangements- og utviklingselskap for kultur og næringsliv i Gudbrandsdalen, samt koordinator for reiselivet. Selskapet har 12 årsverk, og ei omsetning (2004) på 18 mill. kroner. Resultat før skatt (2003) var knappe 1,2 mill. kroner. Hovudarrangement og sjølvje grunnpilaren i verksemda til selskapet er kulturfestivalen Per Gynt-stemnet. Stemnet står for vel halvparten av omsetninga i Peer Gynt AS, og 7 av 12 årsverk i selskapet er knytte til stemnet.

Peer Gynt AS er eigd med 70 pst. av Stiftelsen Peer Gynt. Resten av aksjane er eigde av reiselivet og det lokale næringslivet. Stiftelsen Peer Gynt er eigd av dei to Fronkommunane (70 pst.) og privat næringsliv (30 pst.).

Peer Gynt AS har i dag ansvaret for all planlegging og gjennomføring av Per Gynt-stemnet. Ein eigen arrangementskomite, med mange frivillige medlemmer, står for arbeidet med dei ulike programpostane i Per Gynt-stemnet. Komiteen er utpeikt av og rapporterer til Peer Gynt AS.

Per Gynt-stemnet var fram til 1999 finansielt eit reint lokalt og regional tiltak – finansiert med tilskot frå dei to Fronkommunane og Oppland fylkeskommune. Dei siste åra har det kommunale tilskotet til selskapet Peer Gynt AS vore om lag 1 million kroner. Fylkeskommunen har for sin del ytt eit årleg driftstilskot til Per Gynt-stemnet på rundt kr 200.000 per år.

I 1999 fekk Per Gynt-stemnet så for første gong tilskot frå Kulturdepartementet (post 78). Fram til 2003 var det årlege tilskotet frå departementet vel kr 200.000. Frå 2004 vart forvaltninga av statstilskotet ført over til Norsk kulturråd (post 74). Dette året vart tilskotet auka frå kr 227.000 (i 2003) til kr 1.227.000 (i 2004). Dette er halde oppe for 2005.

Per Gynt-stemnet har også fått tilskot frå Norsk kulturråd (og frå Senter for Ibsenstudier og Nordisk Råd) til eit internasjonalt (Ibsen)symposium og tilskot frå

Innovasjon Norge og midlar via ordninga SkatteFunn til strategiarbeid, til utvikling av eit nytt billettsystem via internett og til eigen kompetanseutvikling for arbeid med sponsoravtalar og samarbeidsavtalar.

Etter konkurransen i Sponsorservice i 2003 overtok Per Gynt-stemnet sjølv alt arbeidet overfor sponsorar. ”Erfaringane er svært gode, og vi har større sponsorinntekter i dag enn tidlegare”, heiter det i eigenevalueringa. Sponsorinntektene i 2003 var rundt kr 550.000 og i 2004 1,3 mill. kroner (inklusive ein ”barteravtale” med VG).

Omsetninga for stemnet i 2004 var 9,8 mill. kroner. Av dette utgjorde billettinntekter 4,4 mill. kroner og offentlege tilskot 2,3 millionar. Billettinntektene sin andel av omsetninga ligg høgt over det som er det normale for denne type kunstnarlege tilskipingar på høgt nivå.

Per Gynt-stemnet i dag

Per Gynt-stemnet er i dag ein samanhengande kulturfestival som går over ti dagar i byrjinga av august kvar år. I 2004 vart det selt 19.500 billetter til dei ulike tilskipingane. Det samla talet på besøkande var 25.000.

Sentralt i stemnet står, som nemnt, teaterframsyninga av Peer Gynt på friluftsteateret ved Gålåvatnet. Med sju framsyningar og rundt 12.000 tilskodarar. Billettane til framsyningane har dei siste åra vorte utselde på ein dag i oktober året før. Skodespelar/instruktør Svein Sturla Hungnes har vore ansvarleg for utvikling av spelet heilt sidan 1989. Sidan 1995 har han også spelt rolla som Peer Gynt. Kjende profesjonelle skodespelarar opptre i dei sentrale rollene i stykket. Elles deltek over 100 lokale amatørar i spelet saman med Peer Gynt-koret og eit profesjonelt orkester, Peer Gynt kammerorkester, som syter for at Griegs musikk får sin plass i oppsetjinga.

Kammerorkesteret, med 30 profesjonelle musikarar frå heile Noreg, har også kyrkjekonsertar og ein klassisk konsert på ei nybygd scene, med plass ved foten av Rondane. Kvart år vert det nytta kjende solistar. Talet på tilhøyrarar her har vore rundt 3.000 siste år.

Programmet inneheld også ei større biletkunstutstilling med separatutstilling av kjende nasjonale biletkunstnarar, litteraturseminar og eit internasjonalt symposium med vekt på teater. Dessutan ein Peer Gynt-kveld med utdeling av prisen Årets Peer Gynt, Barnas Dag, mindre huskonsertar, andre konsertar, historieforteljingar, seterstemne, og, frå 2004, ballettskule for barn og ungdom.

Sidan reorganiseringa rundt 1990 har det vore drive eit kontinuerleg arbeid med produkt- og marknadsutvikling. Det omfattar nye arenaer, infrastruktur, publikumsfasilitetar, kostymer, nye og utvida tilbod, sterkare samarbeid med sponsorar og statlege kulturstyresmakter, utvikling av kunstnarlege nettverk, profesjonalisering av staben, tilpassing og utvikling av nye og endra strategiar. Men hovudelementa i Per Gynt-stemnet ligg fast. Det gjeld profilen på stemnet, koplinga av amatørar og profesjonelle kunstnarlege krefter og samarbeidet mellom frivillige og lønna personale i arbeidet med planlegging og stemneavvikling.

Det har likevel, her som mange andre stader, dei siste åra skjedd ei aukande profesjonalisering både av den kunstnarlege innsatsfaktoren og i arrangørleddet. Det inneber mellom anna at lønns- og honorarkostnadene aukar, frå 3,4 mill kroner i 2003 til nesten 5 mill. kroner i 2004. Behovet for større offentlege (statlege) tilskot kan seiest å vere relativt nært knytt til dette. Profesjonalisering kostar. Men det er truleg den einaste moglege vegen å gå, dersom Per Gynt-stemnet vil utvikle seg og sin marknadsposisjon vidare. Det er òg ei nødvendig følgje av dei ambisiøse strategiane som selskapet har vedteke i strategiplanen av 2004 (sjå nedanfor).

I følgje ei marknadsundersøking av stemnet i 2004 var 67 pst. av deltakarane tilreisande. Dette utgjorde rundt 16.000 personar. 33 pst. kom frå Oppland (lokalbefolkninga ikkje rekna med), 23 pst. frå Oslo og 10 pst. frå Akershus. Resten fordelte seg på dei fleste fylka frå Sør-Trøndelag og sørover. Dei fleste tilreisande overnatta 2-3 døgn på hotell eller anna overnattingsbedrift i Gudbrandsdalen. Samla forbruk eksklusive billettar er anslått til vel 33 millionar kroner. Dei næringsmessige ringverknadene av stemnet ”er difor store i Gudbrandsdalen”, heiter det i eigenevalueringa.

Ein rapport frå Østlandsforskning (frå 1990) konstaterte rett nok at stemnet hadde ”relativt begrenset økonomisk betydning, det gir riktig nok visse effekter for deler av næringslivet, men dette er relativt marginalt” (Spilling og Andersen 1990:42). ”Derimot ser det ut til at stemnet har stor kulturell betydning, både for publikum og for lokalmiljøet”, heitte det vidare. Stemnet i 1990 gjekk også over ti dagar og

hadde eit samla publikum på rundt 10.000; av dette 5.000 på Peer Gynt-spelet. 50 pst. av publikum kom i 1990 frå nærområdet, med ein reiseavstand på mindre enn 20 km. Heile 80 pst. kom frå Oppland fylke. Andelen av publikum utanfrå, særleg frå Oslo og Akershus, var størst når det galdt Peer Gynt-spelet.

Sidan 1990 har Per Gynt-stemnet vokse kraftig. Den kulturelle profilen har blitt betydeleg styrkt, og dei reine kommersielle aktivitetane i tilknytning til stemnet er for lengst avvikla. Talet på tilskodarar er meir dobla. Auken skuldast tilreisande utanfrå Oppland. Det vi kalle ”den kulturelle betydninga”, i både lokal og, kanskje særleg nasjonal, samanheng er betydeleg høgare enn i 1990. Den sterke auken i tilreisande gjer at også den økonomiske betydninga, i den grad dette er viktig, også er langt større enn for 14-15 år sidan.

Per Gynt-stemnet har også gitt kulturelle ringverknader i lokalsamfunnet, i form av til dømes etablering av Peer Gynt teaterlag med eiga barneteatergruppe med årlege framsyningar, ei aktiv korrørsle, bruk av utandørsscenene til nye typar arrangement, utvikling av nye arenaer i kommunen. Ein eigen vinterfestival for barn vert sett i verk med grunnlag utandørs teaterframsyningar vinterstid på scena ved Gålåvatnet.

Strategiar og målsetjingar framover

Fellesnemnaren for og den grunnleggjande ideen bak Per Gynt-stemnet frå starten av i 1928 og fram til i dag, er møtet mellom Henrik Ibsens Peer Gynt og Fron sin lokale Per. Dette symboliserer møtet mellom det lokale og det universelle, mellom tradisjon og nytenking. Det er også dette som utgjer mottoet for Per Gynt-stemnet.

Dei siste åra har arrangørane arbeidd mykje med utforming av mål og strategiar for stemnet. Ein ny strategiplan vart vedteken tidleg i januar 2004. Her har ein klargjort forretningsideen for stemnet, visjonen, posisjon i marknaden osv.

Forretningsideen lyder slik: ”Per Gynt-stemnet skal skape unike kulturopplevingar i møte mellom den lokale Per og Ibsens Peer for eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt publikum”.

Visjonen dreier seg om kva kulturopplevingar skal gjere med deltakarane: ”Oss ska røske ti're og sende de' hematt med tårevåte kjåka”.

Posisjonen er klart formulert: ”Per Gynt-stemnet skal vere eit av dei fremste kulturarrangement i Noreg og vekkje oppsikt internasjonalt”.

Med grunnlag i dette er det utforma målsetjingar om at Per Gynt-stemnet mellom anna skal vere eineståande i sitt slag gjennom folkekulturen som kjelde til framragande kunst, skape eigenproduserte kulturopplevingar, vere sjangerovergripande og kunstnarleg utfordrande og vere nytenkjande og dristig i val av form og uttrykk, og appellere til eit breitt publikum så vel som til fagfolk med spesiell interesse innanfor tematikken.

Det er, og har lenge vore, etablert eit klart grunnlag og ein berande ide for Per Gynt-stemnet. Med grunnlag i dette og med basis i erfaringane frå årlege stemne sidan 1967 er det no formulert klare strategiar, visjonar og målsetjingar for verksemda.

I 2004 søkte også Per Gynt-stemnet (saman med Nord- og Sør-Fron kommunar og Oppland fylkeskommune) Kulturdepartementet om å få status som såkalla knutepunktsinstitusjon ”med bakgrunn i folkekulturen som kjelde til internasjonalt kjende kunstverk og sjangerovergripande nyskaping”. Bakgrunnen for dette var mellom anna at kulturkomiteen i si innstilling om kulturmeldinga (St. meld. nr. 48, 2002-2003) samrøystes tilrådde at stemnet vart vurdert som ein festival med knutepunktstatus på tvers av sjangrar (Innstilling S. nr. 155, 2003-04). I søknaden vart det også vist til planane for 2006, då det er 100 år sidan Henrik Ibsens døydde. Dette skal markerast over heile landet, også under Per Gynt-stemnet. Per Gynt-stemnet legg då mellom anna opp til ei litterær, kunstnarleg og kulinarisk reise gjennom Gudbrandsdalen og urframføring av ei heilt ny danseframsyning med alt frå ballett til folkedans i samspel mellom profesjonelle og lokale amatørar. Dette botnar mellom anna i arbeid som alt er sett i gang meg å utvikle lokale dansemiljø, inklusive ein sommarballettskule for born og unge. Eit utvida kammerorkester er også ein viktig del av ei slik ny framsyning.

Korkje departement eller Storting har så langt teke stilling til spørsmålet om mogleg knutepunktstatus for Per Gynt-stemnet.

Per Gynt-stemnet har dei siste åra framfor alt styrkt den profesjonelle delen av arbeidet sitt. Dette vil halde fram. Særleg vil det verte lagt vekt på å hente inn nasjonal og internasjonal kompetanse i forhold til vidare kunstnarleg utvikling, i staden for å utvikle eigen kompetanse på dette. Det vert også arbeidd med å utvikle

kulturarrangement av ulike slag, i samarbeid mellom profesjonelle og amatørar, utover sjølve dei ti dagane som Per Gynt-stemnet varer.

Fram mot 2014 ser arrangørane for seg at Per Gynt-stemnet er ein sjangerovergripande kulturfestival som vekker internasjonal oppsikt. Stemnet har då vorte ein folkefest og ein møteplass for kulturinteresserte fagpersonar. Talet på besøkande er dobla. Vinstra er utvikla til ”kulturbyen” i Noreg, og Vinstra vidaregåande skule er fremst i landet på dans og ballett, som ein konsekvens av Peer Gynt ballettskule som starta i 2004. Møtet mellom Per og Peer er framleis det unike utgangspunktet. Lokal forankring i møte med nye dristige kunstnarlege uttrykksformer er rettesnora for arbeidet.

Vurdering og tilråding

Per Gynt-stemnet er ei veletablert tilskiping, som har vorte arrangert årleg sidan 1967. Ved 75-årsjubileet i 2003 (for det aller første stemnet i 1928) konstaterte forfattaren av saga om stemnet at ”75 år er lang tid, men jubilanten lever i beste velgåande, og ser berre ut til å bli sprekare med åra.”

Siste tiåret har talet på kulturfestivalar av ulike slag vakse sterkt over heile Noreg. Per Gynt-stemnet har ikkje berre halde på, men klart forsterka, sin posisjon i dette mylderet av alle slags lokale, regionale og nasjonale festivalar. Det synest rimeleg å peike på følgjande hovudgrunnar til dette:

- Ein har halde fast ved grunnideen bak stemnet: Ibsens Peer og den lokale Per. Møtet mellom det lokale og det universelle, mellom tradisjon og nytenking.
- Styrking av den kulturelle og kunstnarlege profilen på tilskipinga. Dei kommersielle og mindre kulturelle elementa er no borte frå stemnet.
- Ein har makta fleire krevjande balansegangar:
 - mellom lokal forankring og nasjonale/internasjonale ambisjonar
 - mellom høg kunstnarleg kvalitet og sterk folkeleg deltaking
 - mellom godt profesjonelt arbeid og omfattande frivillig innsats
 - mellom kulturell innsats og næringsretta arbeid

- Betydelege regionale kulturelle ringverknader av stemnet
- Godt og målretta utviklings- og strategiarbeid, og evne til å realisere strategiar og visjonar
- Ambisiøse, men rimeleg realistiske målsetjingar
- Viktige alliansar og gode nettverk lokalt, regionalt og nasjonalt
- Stabilitet i arrangørleddet, kontrollert økonomi, jamn og god publikumsoppslutning
- Eksemplarisk organisering gjennom selskapet Peer Gynt AS, som administrerer og driv aktivitet innanfor reiseliv, næringsliv, rådgiving og har ansvaret for Per Gynt-stemnet.

Finansielt skil Per Gynt-stemnet seg ut frå mange andre kulturfestivalar ved at billettinntektene utgjer ein forholdsvis stor del av dei samla inntektene (heile 75 pst. i 2003, 52 pst. i 2004 med auka statstilskot og større sponsorinntekter). Stemnet skil seg også ut ved at det går over langt fleire dagar enn tilsvarande festivalar.

Staten kom seint inn som bidragsytar. Bidraga var beskjedne for åra 1999-2003, men vart betydeleg auka for 2004. Det utgjorde likevel ikkje meir enn ca. 13 pst. av den samla omsetninga. I tilskotsbrevet frå Norsk kulturråd heitte det at ein la følgjande målsetjingar til grunn for verksemda i Per Gynt-stemnet:

Egenproduserte arrangementer av høy kvalitet der samspeilet mellom personer med lokal kunnskap om historie og tradisjon, og profesjonelle krefter, skal være elementet.

Per Gynt-stemnet står i dag fram som eit vellykka og forholdsvis robust kulturtiltak. Stemnet har vunne nasjonal anerkjenning, og er også sett på den internasjonale kartet. Det held høgt kunstnarleg nivå, har god regional og lokal forankring, og har gjennom det mangeårige medvitne samarbeidet mellom profesjonelle aktørar, høgt kvalifiserte kunstnarlege rådgjevarar og dyktige amatørar medverka til å realisere viktige målsetjingar i norsk kulturpolitikk på alle forvaltningsnivå. I seg sjølv er også Per Gynt-stemnet eit godt, kanskje framifrå, døme på langsiktig utvikling av kultur av høg kvalitet som regional næring, og bør som dette godt trekkjast fram i den kommande stortingsmeldinga om kultur og næring.

Den statlege støtta til stemnet kom seint, og er enno forholdsvis liten. Støtta høyrer *ikkje* naturleg heime mellom dei mangearta og noko brokute tiltaka som er finansierte over post 74 på Norsk kulturråds budsjett. Per Gynt-stemnet *er* eit mangeårig, permanent kulturtiltak av høg nasjonal kvalitet, som også har vekt merksemd internasjonalt. Stemnet må kunne karakteriserast som ein suksess, vurdert ut frå ei rekkje kriterium, jf. punkta ovanfor. Dette må klarare enn i dag avspeglast i den statlege (med)finansieringa.

Eit kulturtiltak av denne type vil og bør, på statleg nivå, normalt vere eit ansvar for Kulturdepartementet. Det kan her vere eit problem, eller rettare sagt ei utfordring, at Per Gynt-stemnet er, og vil vere, ein *sjangerovergripande* festival, som ikkje høyrer naturleg inn under festivalstøtteordningar (eller andre ordningar) for scenekunst, musikk eller litteratur.

Fem musikkfestivalar har i dag status som såkalla ”knutepunktsinstitusjon”.² I praksis betyr dette at staten (ved Kulturdepartementet) tek ansvar for 60 pst. av den samla offentlege finansieringa, medan region/kommune står for 40 pst. Dei fem festivalane finn vi Bergen, Førde, Molde, Trondheim og Harstad. Per Gynt-stemnet har søkt om slik status, men med unntak av dei alt nemnde merknadene i komitéinnstillinga til den siste kulturmeldinga, ligg det ikkje føre noko ”svar” på søknaden.

Ei rekkje festivalar rundt om i landet står nærmast i kø for å verte knutepunktsinstitusjon. Ein samla kulturkomité peikte i si innstilling om kulturmeldinga (Innstilling S nr. 155, 2003-04) på at ”den allminnelige støtteordning for festivaler har vært rettet inn mot musikkfestivalene”. I framtida ”bør det legges opp til mer allmenne ordninger som omfatter større deler av kunstfeltet”. Ved framtidig val av knutepunktsfestivalar ”vil det være riktig å legge vekt på festivalens kunstneriske og arrangementsmessige kvalitet”. Ein bør også ha ”anledning til å velge festivaler med et tematisk utgangspunkt”.

Per Gynt-stemnet oppfyller mange av dei kriteria som kulturkomitéen stiller for å verte tildelt knutepunktsstatus. Det vil derfor vere rimeleg at dette spørsmålet vert skikkeleg vurdert i neste budsjettproposisjon frå Kulturdepartementet og/eller i den påfølgjande budsjettinnstillinga frå stortingskomitéen.

² Dei fem festivalane er: Festspillene i Bergen, Molde Internasjonale Jazzfestival, Festspillene i Nord-Norge, Olavsfestdagene i Trondheim og Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.

Dersom Per Gynt-stemnet ikkje får knutepunktstatus, bør festivalen få faste årleg tilskot over Kulturdepartementets budsjett, slik tilfellet i dag er for ein del andre festivalar, mellom anna samtidsmusikkfestivalen Ultima. Det er uansett viktig å unngå at ein sjangerovergripande festival som Per Gynt-stemnet hamnar mellom fleire sjangerretta statlege tilskotsordningar.

Det er ein *berande konklusjon* i denne evalueringa at vidare medfinansiering av Per Gynt-stemnet er eit opplagt statleg ansvar. Det må finnast budsjettmessige løysingar som tydeleggjer at denne medfinansieringa har ei mangeårig ramme – av *minst* same storleik som i dag.

I 2006 er det 100 år sidan Henrik Ibsen døydde. Per Gynt-stemnet skal, som nemnt ovanfor (kap. 5), markere dette med fleire nye tilskipingar. Det kan høve godt at staten (v/Kulturdepartementet) frå og med dette året klargjer sitt finansielle ansvar for dette mangeårige og vellykka arrangementet, og såleis legg til rette for vidare utvikling av stemnet.

Litteratur:

Spilling, O. R. og Andersen, T. (1990): *Per Gynt stemnet: en kartlegging av arrangementets økonomiske og kulturelle betydning*. ØF-notat, 04.09/1990, Østlandsforskning

Øvrelid, Ragnar (2003): *Per Gynt-stemnet gjennom 75 år: 1928-2003*. Dølaringen boklag

Kjelder elles:

Stortingsmelding nr. 48, 2002-2003 *Kulturpolitikk fram mot 2014*

Innstilling S nr. 155, 2003-2004 *Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om kulturpolitikk fram mot 2014*

Eigenevaluering frå Per Gynt-stemnet. Rekneskap, årsmeldingar strategidokument, budsjettsøknader, andre søknader, årsevalueringar frå Per Gynt-stemnet m.v.